

Saksnr: 2019/82-8
Saksbehandlar: Silje Lyngstad, Barbara Harterink

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		29.11.2019

Regional planstrategi - ungdom - trivsel og tilhøyre**Forslag til vedtak**

Vestland ungdomsutval vil bidra med å styrke ungdommar i det regionale planarbeidet. Det er eit mål at dei viktigaste sakane til ungdom vert presentert gjennom medverknadsforum og gjennom aktiv politisk og administrativ medverknad.

Vestland ungdomsutval vel følgjande representantar som ansvarleg for prosessen:

.....

Samandrag

Vestland Ungdomsutval er det øvste talerøyret for ungdom i Vestland fylke. Når de no skal ta fatt på dette viktige oppdraget, kan det vere ein god start å gjere seg kjent med dokumentet «Vestland – utfordringar for fylket og for regionane» som blei publisert i juni 2019. Dette dokumentet samlar statistikk og utviklingstrekk i Vestland og er eit oppslagsverk for alle som er opptatt av utviklinga i fylket. Utfordringsdokumentet er eit kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med ny regional planstrategi – ein utviklingsplan for fylket for perioden 2020–2024.

Bertil Søfteland
Leiar politisk sekretariat

Silje Lyngstad
rådgjevar
Politisk sekretariat

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland Ungdomsutval er det øvste talerøyet for ungdom i Vestland fylke. Når de no skal ta fatt på dette viktige oppdraget, kan det vere ein god start å gjere seg kjent med dokumentet «Vestland – Utfordringar for fylket og for regionane» som blei publisert i juni 2019. Dette dokumentet samlar statistikk og utviklingstrekk i Vestland og er eit oppslagsverk for alle som er opptatt av utviklinga i fylket. Utfordringsdokumentet er eit kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med ny regional planstrategi – ein utviklingsplan for fylket for perioden 2020–2024.

Ungdom – trivsel og tilhøyre

Dokumentet beskriver ti hovudutfordringar for Vestland: 1. klimaomstilling, 2. areal- og naturressursbruk, 3. transport, 4. grøn konkurransekraft, 5. digitalisering, 6. relevant kompetanse, 7. attraktive stader og nærmiljø, 8. kulturliv, 9. likeverdige samfunn.

Den siste handlar om ungdom i Vestland: 10 «Ungdom – trivsel og tilhøyre». Følgjande områder er nemnt i dette kappitelet: medverknad og demokratibyggning, tilknytning til lokalt arbeidsliv kan hindre fråflytting, ungdomskultur og møteplassar og til slutt helse og trivsel. Både positive og negative utviklingstrekk er skissert: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/andre-rapportar---pdf/vestland-utfordringar.pdf>

Ny regional planstrategi

Dei nyvalte fylkespolitikarane skal diskutere seg imellom kva utfordringar ein skal prioritere og bruke ressursar på. Ein regional planstrategi for Vestland skal utviklast. Ungdomens Fylkesutval er i ein unik posisjon til å uttale dykk om kva ungdomen i Vestland synes at er viktig at blir prioritert framover. Vi treng dykkar innspel i det vidare arbeidet med regional planstrategi.

Korleis arbeide vidare?

Det er viktig at Vestland Ungdomsutval først og fremst arbeider med ein plan eller strategi, og presenterer den for Fylkesutvalet. I perioden januar-mars 2020 er det planlagt fleire medverknadsforum med Fylkesutvalet og eksterne aktørar. Her er det viktig å delta aktivt og påverke prosessen. Her er det høve å få prioritert dykkar sakar og få dei inn i den nye planstrategien for Vestland.

Ein måte å sette ungdom på kartet på er å foreslå at Vestland bør ha eit tverrsektorielt ungdomsforum, på lik linje med regionalt næringsforum. Kanskje er ein regional ungdomsplan (ein temaplan på eitt år) vegen å gå, som samlar mange sektorar: vidaregåande opplæring, læreplassar, kollektivtilbod, helseteneste, kulturtilbod, næringsutvikling, og andre områder som er viktig for unge? Det blir lettare å dra i same retning med klare mål og ein tiltaksplan.

Det er lov å sette seg høge mål. Kva om dykk sett som mål at Vestland skal vere Europas mest ungdomsvennlige region? <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/Ostfold-er-Europas-mest-ungdomsvennlige-region/id758219/>

Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ja

Regional planstrategi: Ja

Konklusjon

Vestland ungdomsutval må ta stilling til om dette er noko dei vil bidra med. Administrasjon vil tilrå at Vestlands ungdomsutval nyttar denne moglegheita til å fremje ungdommar i det regionale planarbeidet.